

NVE

Innsendt dato: 15.07.2013

Referansenummer: ZJARDX

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201103056
Sakstittel	Krossdalselvi kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Bård Kråkevik
Adresse	Digrebrekke
Postnr	5627
Poststad	Jondal
e-post	bardkrakevik@hotmail.com
Telefon	92403535

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	HØYRINGSFRÅSEGN TIL KONSESJONSSØKNADEN FOR KROSSDALSELVA KRAFTVERK Underteikna er odelsgut og neste brukar av Digrebrekke, gardsnummer 21 bruk 1 og 2. Saman med far min, har eg delteke i over tjue år i arbeidet for å restaurera og ta vare på kulturminnet garden og landskapet på Digrebrekke utgjer. Sidan eg er i nær foreståande tid er den neste eigar av Digrebrekke og sidan nær halvparten av den berørte elvestrekninga renn langs vår eigendom vår, tillet eg meg å senda fråsegn i høyringsrunden. Fallrettane tilhøyrde tidlegare garden, men vart selde til staten i mellomkrigstida. Krossdalselva er eit vesentleg landskapselement på eigedomen vår. Elva er synleg frå mange stader på garden, i tillegg høyrer ein elva på store delar av garden når ho har bra vassføring. Elva er såleis viktig for opplevinga av naturen på garden vår. Me har arbeidd jamnt for å ta vare på kulturlandskapet på garden, der det gamle gardstunet og natur- og kulturlandskapet det ligg i utgjer ein uløyeleg heilskap. Etter det me kjenner til, mista elva rundt 85 % av vassføringa si då Folgefonnutbyggjinga vart gjennomført rundt 1970. Ei utbyggjing av småkraftverk i elva vil ta bort elva som landskapselement på garden vår, uansett kor mykje ein avgjer å sleppa gjennom som minstevassføring. 1 - Restaureringsprosjektet av Drebrekke For omtrent tjue år sidan starta me eit restaureringsprosjekt av dei gamle bygningane på garden. Den eldste bygninga er truleg frå 1700-talet. Istandsetjinga har skride fram etterkvart som me har hatt midlar til det. Sidan 2000 har me tilbode overnattinga for folk som ynskjer oppleve naturen på garden vår og dei omkringliggjande fjella og Fonna. I dag framstår gardsanlegget som eit av dei best bevarte i Jondal kommune. Både Fylkesmannen si landbruksavdeling og Bygdeutviklingsfondet/Innovasjon Noreg har gjeve oss tilskot. I tillegg har me motteke tilskot til opprusting av kulturlandskapet. 2 - Den gamle ferdsels- og pilgrimsvegen Kulturlandskapstilskotet mottok me til mellom anna ryddjing av den gamle ferdselsvegen frå Jondalsøyri til Øvre Krossdalen. Frå mellomalderen av var denne vegen óg ein pilgrimsveg, der pigrimar frå Nordvestre del av Hordaland kom til Jondal og gjekk opp Krossdalen og over fjellet til Røldalskyrkja. På eigedomen vår tek vegen til i vest ved Kaldabekk, og endar opp ved Lauvbrufossen/det planlagde inntaket. Nær halvparten av denne vegen ligg nær elva, og større delar har utsikt til elva. Opplevinga av elva er ei vesentleg del av opplevinga av å gå denne vegen. Den bevarte delen av denne gamle vegen på garden vår er den lengste samanhengjande delen av vegen som ar att i Krossdalen.

3 - Kvernhusmiljøet på garden

Kvernhuset vårt er ein del av dei bygningane som er vortne restaturerte på garden og som me har motteke tilskot til restaureringa av. Det ligg rett ved elva omtrent 200 meter nedanfor Lauvbrufossen. Bygningen med kvernmekanismane er ferdig restaurert innomhus, men det gjenstår å byggja oppatt sloket/vassvegen og kvednkallen. Kverna vil då kunna brukast og gje ei viktig oppleving for dei som kjem og vitjar garden vår og for folk i dalen og ho vil vera eit viktig kulturminne i Krossdalen. Kverna vart nytta av fleire gardar under krigen. Sjølv kvernhusmiljøet, med bygning, slok og elva er eit svært viktig element i gardsmiljøet på Drebrekke.

4 - Stiar i landskapet kring garden

Ulike stiar har vortne og fleire skal ryddjast i landskapet på garden. Det er avgjerande for oss å kunna tilby tilreisane opplevinga av alle dei ulike delane av det mangfaldige landskapet på garden. Gjeli/Klauvaskjøl, der elva renn djupt nede i ein smal elvedal, gjev ei dramatisk oppleving. Leitet, der gardsfolket gjekk etter endt arbeidsøkt for å sjå oppetter bygda, har ei vakker utsikt til elva. I tillegg er elva viktig og synleg frå heile den bratte stien opp til vårstølen vår Gjeitingsdalen, der me planlegg å setja opp eit gammalt stølshus for oppleving av denne delen av garden. Heile elvestrekninga langs garden vår kan opplevast frå det stinettet me har arbeidd med å rusta opp.

5 - Fiske

Fleire av dei som har overnatta hjå oss har fiska i elva. Det er ikkje storfisken som er hovudmotivet, men særleg for barnefamiliar er fiske i elva ei stor oppleving. Gardsfolket i Drebrekke har alltid fiska i elva. Med litt hogst langs elva kan me betra tilkomsten for fiske og litt enkel opprydding i den flate elvestrekkja nedanfor kvernhuset kan truleg betra veksthøvet for fisken og såleis gjera fiske i elva meir populært. Dette er for oss eit viktig aktivitetstilbod å tilby dei tilreisande.

6 - Godkjent hyttefelt ovanfor elva

Me har fått godkjent utbyggjng av 7 hytter i Hovden, rett nord for gardstunet. Her er utsikten og nærleiken til elva svært verdfull. Naturkvalitetane ved desse hyttene vil vera avgjerande for at me kan realisera dei som ei viktig næringsinntekt for garden.

Me har jamnt prøvd å ryddja skog slik at elva skal vera mest mogleg synleg frå resten av garden vår. Dette vil me fortsetja med, sidan Krossdalselva er så viktig for oss som bur på garden og for tilbodet me ynskjer å gje dei tilreisande. Ei utbyggjng av Krossdalselva kraftverk vil medføra eit stort tap og eit langt steg attende i alt det arbeidet som er lagt ned for å bevare garden for framtida. Utbyggjnga vil utgjera ei stor forringing av det verdfulle kulturmiljøet

	som garden Digrebekke med tilhøyrande natur- og kulturlandskap utgjer. Beste helsing Bård Kråkevik, neste brukar av Digrebekke, gardsnummer 21, bruksnummer 1 og 2
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	